

Sesongavslutning med mykje nye varer i Martabu

25.08.2012



Litt av det rikhaldige utvalet i flotte strikkevarer.

Populære Martabu på Sandakaien har siste opningshelg i sommarsesongen. Trass i dette kan Jane Haaranes melde om at det er kome påfyll av nye, fine og gode varer. Utvalet er no svært godt! Martabu er open i dag frå kl.10.00 og til kl. 15.00. I morgen, søndag, vert siste opningsdag i sommar. Då er opningstida kl. 09.00 - 16.00.

Jane kan fortelja at dei mellom anna har fått påfyll av det populære flattbrødet. I tillegg har dei fått inn ølpølse frå Friheim Gardsmat noko som og heilt sikkert vil falla i smak. Ikkje minst har dei fått inn mykje fint i tekstil og strikkevarer. Dei flotte barnehagesetta(ullgensar og ullbukse) vert heilt sikkert ettertrakta. Det vert nok og ullsokkane og vottane som ho fekk inn i dag. Ingen treng å gå hausten kaldt i møte!! Utvalet er kort sagt imponerande og rikhaldig.

Rett etter opning var Knut Hansen frå Rosendal innom saman med sonen Kent Kristian. Dei sikra seg mellom anna gode ullsokkar. Hansen var imponert over utvalet og syns det var eit kjempefritt tiltak. - Her får du tak i flotte ting, enten det er til deg sjølv, eller det er til presangar. Og så er vi sikra skikkeleg god kvalitet, sa han mellom anna.

Elles er det god plass etter utvidinga, og ein kan setja seg ved borda til god drøs, kaffi og nydeleg ferskt bakverk!

Av: Thor Inge Døssland.



Rosendelingane Knut og Kent Kristian Hansen var svært fornøgd med besøket i Martabu